



Årsmelding for 2022

Styremedlemmer

Leiar	Even Sørland
Nestleiar	Fauzia Hussain-Wiik
Sekretær	Annie Vårdal
Kasserar	Geir Totland
Medlemsansvarleg	Jørgen Haugland
1. Styremedlem	Lillian Vangberg
2. Styremedlem	André Jonberg
AUF-representant	Ole Flåm Svendsen
1. Varamedlem	May-Brit Nordås
2. Varamedlem	Jens-Olav Johannessen

Aktivitet i Åsane Arbeiderparti

Det har også i år vore god deltaking frå Åsane Ap både i ulike medium, og i aktivitetar og møter. Vi har arrangert fleire medlemsmøter med demokratisk fokus på politisk verkstad og innspel til kandidater til listene for valet 2023. Vi har også vore godt representert på representantskapsmøter i regi av Arbeiderpartiet i Bergen (AiB) og Vestland Arbeiderparti (VAP).

Styremøte

Styret har hatt 6 styremøte i løpet av perioden, i houndsak fysiske møte, men også nokre digitale versjonar.

Medlemsmøte

I 2022 har Åsane Ap arrangert 7 medlemsmøte. Styret har tatt i bruk ulike metodar for å komme i kontakt med både medlemmer og innbyggjarar bydelen. I desember hadde vi ein omfattande ringerunde til medlemmer for å be om innspel til viktige saker for Åsane, og invitere personleg til medlemsmøte om bybana. I januar ringde vi jubilarer og nye medlemmer med personlig invitasjon til årsmøtet.

Åsane Ap har samarbeida med Laksevåg Arbeidersamfund, Arna Arbeiderpartilag og Åsane Venstre for å arrangere medlemsmøte på tvers av lag og parti.



Digitalt årsmøte 17. januar: Innleiar: Byråd for barnehage, skole og idrett i Bergen, Endre M. Tinnereim, om det politiske landskapet og viktige lokalsaker. Val av styre for 2022.



- 🌹 **Medlemsmøte 19. april:** Helsepolitikk, saman med Arna Arbeidarpartilag. Åpent medlemsmøte. Innleiar: Helseminister Ingvild Kjerkol.
- 🌹 **Sommaravslutning/medlemsmøte 23. juni:** Politisk verkstad om programarbeid. Informasjon om programprosessen og korleis lage innspel. Innleiar: Leiar i Bergen AUF, Johanna K. S. Fond.
- 🌹 **Medlemsmøte 29. august:** Partiprogram og nominasjon av kandidatar til kommune- og fylkestingsvalet.
- 🌹 **Digitalt medlemsmøte 19. september:** Energipolitikk, saman med Laksevåg Arbeidersamfund. Innleiar: Lars Andreas Eriksen. Energiutvalet ønskjer innspel frå partiorganisasjonen.
- 🌹 **Medlemsmøte 31. oktober:** Valet 2023. Innspel til programutkastet og til listeforslag til kommunevalet.
- 🌹 **Medlemsmøte 30. november:** Bybana. Saman med Åsane Venstre. Innleiar: Bytviklingsbyråd Ingrid N. Fjeldstad. Bybane til Åsane og planar for sentrale Åsane. Spørsmålsrunde.

Medierepresentasjon

Åsane Ap har i kjend stil vore aktive i sosiale medium som Facebook og Instagram, og i aviser som Åsane Tidende, Bare Åsane, Klassekampen, BT og BA med saker som er viktige for Åsane. Til dømes Ringveg Øst/E39, bybana, sykkelvegen i Salhus, nye Åsaheimen sjukeheim, FYSAK hall, vern av naturområde og utvikling av C-tomta sentralt i Åsane og suksessen full barnehagedekning i eigen bydel.

I mediesakene har vi samarbeidd blant anna med representantar frå Alver Arbeiderparti, Bergen AUF, Laksevåg Arbeidersamfund, Fyllingsdalen Arbeiderparti, Fana og Ytrebygda Arbeiderparti og Bergenhus Arbeiderpartilag.

Stands og aksjonar

I 2022 har vi hatt fokus på den lange valkampen, på kva partiet har fått til både i regjering og ikkje minst lokalt. Vi har òg jobba for å samla inn innspel frå grasrota til lokalpolitikken og lokalvalet 2023.

- 🌹 Morgonaksjon på Åsane Terminal, 19. April. Bodskap: oppfordre til å sende forslag til programarbeidet for kommunevalet, og info om medlemsmøte på ettermiddagen. Vi stilte med brosjyrar, kaffi og karamellar.
- 🌹 Morgonaksjon på Åsane Terminal, 4. mai. Vi delte ut kaffi og brosjyrar.
- 🌹 Stand ved Liavannet, 7. Mai, i samband med AiB sin vårkampanje om innspel til partiprogrammet.



- 🌹 Morgonaksjon på Åsane Terminal, 23. juni. Innspel frå grasrota i programarbeidet for kommune- og fylkestingsval 2023
- 🌹 Stor stand på Åsane senter, 22. oktober. Godt oppmøte frå både styret og frivillige medlemmer. Besøk av både partisekretær Kjersti Stenseng og ordførar Rune Bakervik.

Annan aktivitet og representasjon:

- 🌹 Leiar og nestleiar hadde møte med lokalt næringsliv om behovet for næringsareal og arbeidsplassar i Åsane i framtida, 25. februar.
- 🌹 Framtidsverkstaden FÅ7: Mobilitet i Åsane, 21. April. Tema: Kva grep kan fellesskapet ta for berekraftig transport i Åsane.
- 🌹 Omvisning i nye Åsane Arena, 10. juni 2022, nestleiar Fauzia Hussain-Wiik saman med partisekretær Kjersti Stenseng og utvalsleiar for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune, Stian Jean Opedal Davies.
- 🌹 Leiar Even Sørland stilte i paneldebatt hjå LO i Bergen og Omland og NNN avd. 9 Hordaland, 8. september. Tema: Matproduksjon og vern av matjord.

Deltaking aktivitet i regi AiB og VAP

- 🌹 Samling i Kvinnenettverket, 6. februar 2022.
- 🌹 Årsmøte i AiB, 11 representantar.
- 🌹 Årsmøte i VAP, 13. mars. Fullt gjennomslag for våre krav om Ringvei øst.
- 🌹 Lagleiar og kommunepartileiarsamling i VAP, 2.-3. april. Nestleiar Fauzia Hussain-Wiik innleia om korleis bli betre på faglegpolitisk samarbeid.
- 🌹 1. mai arrangement. Lunsj i Folkets Hus Bergen og 1. mai tog. Hovudparole: «En dag å leve med – en lønn å leve av»
- 🌹 Regnbueparade i Bergen og stand på Pride Park, 11. juni. Prole: "Frihet kommer ikke av seg selv".
- 🌹 Sommarstand på Torgallmenningen, 23. juli og 6. august.
- 🌹 Frivilligsamling, 5. oktober. Tema: Valkamp 2023.



Medlemsutvikling

Tal på medlemmer pr. januar 2022: 189

Tal på medlemmer pr. januar 2023: 173

Antall nye medlemmer i perioden: 9

Åsane Ap har hatt ein svak nedgang i medlemstal. Talet på betalande medlemmer per 31. januar avgjer kor mange representantar vi får i partiet.



Representasjon

Våre usendingar til andre partiorgan:

-  Årsmøtet til Vestland Arbeidarparti: 4 + 1 delegatar
-  Årsmøtet til Arbeiderpartiet i Bergen: 11 delegatar
-  Representantskapet til VAP: 9 plassar
-  Representantskapet til Arbeiderpartiet i Bergen: 11 plassar
-  Kvinnekontakt til Arbeiderpartiet i Bergen: Fauzia Hussain-Wiik
-  Studieutvalet til AiB: Jørgen Haugland
-  Klagenemnd AOF: May-Brit Nordås
-  Nominasjonskomiteen: Lillian Vangberg
-  Programkomite AiB: Even Sørland og Fauzia Hussain-Wiik, samt Johanna Fond, leiar i AUF Bergen
-  Styret i Arbeiderpartiet i Bergen: Jørgen Haugland fortsatte som aktiv vara. Annie Vårdal kom inn som andre vara, og har representert partistyret i bystyregruppa gjennom året

Våre representantar i faste og midlertidige utval i partiet:

-  Valkomiteen til AiB: May-Brit Nordås
-  Suppleringsutval AiB: Lillian Vangberg
-  Internasjonalt utval i AiB: Geir Totland og Trond Lygre
-  Energiutvalet i AiB: Even Sørland
-  Skolepolitisk utval: Atle Rasmussen
-  Kontrollkomitéen til AiB: Atle Rasmussen

Etter valet i 2019 har Åsane Ap følgjande folkevalde:

Bergen bystyre

-  Lillian Vangberg – medlem i bystyret og Utval for miljø og byutvikling
-  Amina Amin – medlem i bystyret og Utval for helse og sosial
-  Even Sørland – medlem i bystyret og Utval for helse og sosial
-  May-Brit Nordås – vara til bystyret og 1. vara til Utval for helse og sosial
-  Stig Morten Frøiland – vara til bystyret, 3. vara til Utval for bhg, skule og idrett

Vestland fylkesting

-  Gro Berge – vara til Hovudutval for kultur, idrett og integrering



Våre nominerte kandidatar til bystyrelista 2023:

Fauzia Hussain-Wiik 4. plass
Even Sørland 5. plass
Johanna Kästel Sandal Fond 10. plass
Amina Amin 22. plass
Kari Grønnestad 37. plass
Jørgen Haugland 41. plass
Heidi Sund 61. plass
Ole Flåm Svendsen 63. plass
Geir Totland 67. plass
Lillian Vangberg 73. plass

Fylkestingslista er framleis under arbeid.



Økonomi

Laget har fortsatt ein stabil og god økonomi og er klar for eit nytt år med valkamp og mykje aktivitet. Grunna høg aktivitet i laget, er det investert i diverse nytt utstyr til stands og den kommande valkampen. Det er også kjøpt nokre blomar og helsingar.



Styrets oppsummering

I løpet av dette året har vi komme meir og meir tilbake i normalt gjenge, og styret meiner at dette har vore endå eit godt år for lokallaget, med høgt engasjement og med aktive medlemmer. Styret har halde fram med fokus på å finna plass til dei som vil engasjera seg, vi har invitert til innspel og heldt medlemmene oppdatert via medlemsmøte, sosiale medium og informasjonsbrev.

Åsane Ap tar framleis aktiv del i partipolitikken i Bergen og i Vestland, og har vore tydelege og synlege i saker som gjeld Åsane bydel, særleg om samferdsel, byutvikling og helse.

Styret: 17.01.2023

Even Sørland

Jørgen Haugland

Fauzia Hussain-Wiik

Geir Totland

May-Brit Nordås

Lillian Vangberg

Jens-Olav Johannesen

Ole F. Svendsen

André Jonberg

Annie Vårdal

